



Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 16/443 - 16/3729

**Saksbehandlar:**

Sølvi Legård  
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

11.05.2016

## Melding om vedtak - Innspel til Nasjonal transportplan 2018-2029

Saka er behandla i Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016 - Sak 32/2016

### Det er gjort slikt vedtak i medhald av kommunelova § 13:

Vaksdal kommunestyre er glad for at planleggjingsarbeidet med veg og bane etter K5 i KVV for Jernbaneverket og Statens vegvesen frå 2014 for korridoren Arna – Voss er i gang. E16 er føreslått lagd inn som bunde prosjekt for å imøtekoma Eus tunneldirektiv. Samstundes er det sterkt tilrådd parallell utbygging av veg og bane.

I etatane sitt grunnlagsdokument ligg:

- Oppstart av parallell utbygging av veg og bane Arna – Stanghelle i fyrste periode.
- Parallell utbygging av veg og bane Stanghelle – Voss ligg inne i andre periode.
- E16 ligg inne som eit bunde prosjekt grunna Eus tunneldirektiv.
- Midlar til rassikring av eksisterande trase Stanghelle – Voss ligg inne i NTP.

Vaksdal kommunestyre vil sterkt oppfordra til at oppstart av arbeidet Arna – Stanghelle vert forsert. Med ein statleg reguleringsplan må det vera mogleg å koma i gang tidlegare enn 2021. Målet må vera å koma i gang i løpet av 2019. Likeeins forventar me at Stanghelle – Voss vert starta opp tidleg i andre periode slik at det vert ein samanhengjande utbygging på heile strekninga Arna – Voss. Dette er i tråd med dei strategiane Statens vegvesen har arbeidd etter over Fillefjell. Denne vintersikre fjellovergangen har i tillegg hatt prosjektfinansiering som har sikra nødvendig framdrift.

Vaksdal kommune forventar at Stortinget i sitt vedtak om Nasjonal Transportplan legg til grunn minimum høg ramme frå etatane sitt framlegg. Det er viktig å få fullført dei prosjekta som ligg inn i etatane sitt grunnlagsdokument.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

**Konto**

Org.nr. 961 821 967



## VAKSDAL KOMMUNE

Vaksdal kommunestyre er glad for det viktige rassikringsarbeidet som er gjort lang E16 og Bergensbana hos oss. Det er nødvendig at staten bidreg med større ressursar til rassikring også av fylkesvegane. Difor vil me og oppmoda om at det vert avsett større rammer til fylkesvegar. Dette gjeld midlar til å bøta på vedlikehaldsetterslep og opprusting. Fylkesvegane i Vaksdal – særleg 569 og 314 er viktige omkøyingsvegar. 569 er i tillegg ein snarveg mellom E16 og E39.

Når det gjeld kva for fjellovergang som skal velgjast mellom Oslo og Bergen meiner Vaksdal kommunestyre ein bør avventa kva KVV for Gol – Voss viser før ein tek stilling til alternativ.

Rett utskrift:

Sølvi Legård  
Politisk sekretær/fagleiar arkiv

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakar:**

Hordaland fylkeskommune